

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 04.11.2012
Sakhandsamar: **Hans K. Stenby**
Saka gjeld: **Innspel til statsbudsjettet for 2014**

Arkivsak
2009/469/
Styresak 129/12 B

Styremøte 05.12. 2012

Forslag til vedtak

Styret gir innspel til statsbudsjettet for 2014 i tråd med vedlagte forslag til brev.

Oppsummering

Det er i samarbeid mellom dei regionale helseføretaka gjort ei vurdering av aktivitetsbehovet i 2014 som underlag for innspel til statsbudsjettet for 2014. Innspelet går fram av vedlagte forslag til brev.

Fakta

Dei regionale helseføretaka skal i høve til Oppdragsdokumentet for 2012 kome med innspel til statsbudsjettet for 2014.

Å gi innspel til komande statsbudsjett ei fast oppgåve og praksis har vore at dei regionale helseføretaka samarbeider om dette. Det er også gjort denne gongen.

Kvart regionalt helseføretak sender likevel eige brev og kan der eventuelt leggja til eigne kommentarar.

Forslag til brev frå Helse Vest er vedlagt.

Kommentarar

Det er gjort ei overordna vurdering av behovet for aktivitet i spesialisthelsetenesta i 2014 innan somatiske tenester, psykisk helsevern og tilbodet til rusmiddelavhengige (TSB). Analysane er gjort på nasjonalt nivå.

Det er i utgangspunktet to komponentar som inngår:

- aktivitetsauke som følgje av framskriving av folketalet
- auke i aktivitet knytt til endringar i tilbodet, nye behandlingsmetodar, tilbod til nye grupper, betre behovsdekking (realvekst)

Det er gitt overslag for kor mykje aktiviteten bør aukast frå 2013 til 2014 innan fagområda fordelt på vekst i knytt til demografi (befolkningsvekst) og vekst utover dette (realvekst).

Det er såleis gjort ei vurdering av korleis faktorar utover veksten i folketalet vil kunne påverke aktivitetsbehovet. Det er her også sett hen til ventetidsutviklinga innan dei einskilde tenestoområda og kor mykje aktiviteten må auke for at ventetida skal vere i tråd med nasjonale mål.

Det er vist korleis utviklinga i aktivitet og ventetider har vore i perioden 2007/2008 og fram til 2011/2012. For ventetidene er utviklinga vist til og med 2. tertial 2012.

Det er til sist gitt nokre kommentarar til:

- implementeringa av samhandlingsreforma
- pasienttryggleiksarbeidet
- behovet for felles nasjonal satsing innan IKT-område
- opphør eller reduksjon av tredjeparts finansiering

Som ein særskild merknad frå Helse Vest er vidare planlegging av fase 2 på nytt barne- og ungdomssenter i Helse Bergen (BUSP) og arbeidet med utviklingsplan i Helse Stavanger omtalt.

Konklusjon

Det er hefta usikkerheit til denne type framskriving og vurdering av behovet for aktivitetsvekst. Det er også ulikskap mellom regionane.

Det blir likevel tilrådd at vedlagte brev blir sendt Helse- og omsorgsdepartementet som innspel til det vidare arbeidet statsbudsjettet for 2014.